



SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO

Dato: 25.02.2019
Vår ref.: 2018/13843-10
Saksbehandlar: benutne
Dykkar ref.:

Fv 7 som omkjøringsveg for E16 – statleg bidrag

Hordaland fylkeskommune viser til følgjande vedtak i fylkesutvalet i sak PS 274/2018:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.-22.11.2018

Det var 14 representantar tilstades.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ber om at tiltak for å betre framkome på Fv 7 på strekninga Øystese – Granvin blir prioritert i samband med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.
2. Fylkesutvalet meiner tiltak for betre framkome på Fv 7 på strekninga Øystese – Granvin er svært naudsynt.

Fylkesutvalet meiner staten må ta eit aktivt medansvar for dette, i og med at krisesituasjonar for framkome i hovudsak vert utløyst av hendingar på/manglar ved og arbeid på E16 Trengereid – Voss.

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til dialog med staten om å bidra til finansiering av tiltak.

Bakgrunn

Europaveg 16 på strekninga Trengereid – Voss er rasutsett og ofte stengt grunna ras, rasfare og oppryddingsarbeid etter ras/skred. Vegtrafikksentralen opplyser at Fv 7 er omkøyringsveg når stenginga er venta å vara noko tid.

Fylkesveg 7 er også rasutsett, og tildels dårleg og smal, spesielt på den 43 km lange strekninga mellom Øystese og Granvin. Når Vegtrafikksentralen opplyser om omkøyring via Fv 7, set Statens vegvesen i verk beredskapsplanen som inneber trafikkdirigering og kolonnekøyring, med det tidstapet som dette medfører. Dersom trafikkdirigering og kolonnekøyring ikkje blir iverksett, kan dette føra til full stopp og komplett kaos i trafikken på strekninga. Dette skjedde seinast den 30. august 2018.

Ettersom det for ein stor del er den ekstra trafikken frå E16 som skapar køar og behov for iverksetjing av beredskapsplanen, ber fylkesutvalet i Hordaland om dialog med staten om opprusting av vegen.

Stenging av E16

Hordaland fylkeskommune viser til vedlagt oversikt frå Vegtrafikksentralen. I perioden januar 2014 til november 2018, knapt fem år, var vegen mellom Trengereid og Voss (72 km) stengt 999 timar, fordelt på 202 hendingar.

Kostnader ved stenging og omkøyning

Staten vegvesen opplyser at det er staten som betaler for trafikkdirigeringa og kolonnekøyninga, medan kostnaden for beredskapen blir delt mellom fylkeskommunen og staten. Betre framkome på Fv 7 vil kunne spare staten for beredskapsutgifter.

Dei største kostnadane ved stengt veg, omkøyning og venting er det næringslivet, lokalsamfunnet og andre trafikantar som ber.

Hordaland fylkeskommune si prioritering av Fv 7

Kvammapakken og Hordaland fylkeskommune har bidrege til opprusting på strekninga Øystese – Laupsa, i tillegg til strekninga Norheimsund – Øystese inklusive Børvenestunnelen. Fylkeskommunen ønskjer å komma i gang med fleire tiltak som gjev betre framkome, og såleis også ein sikrere veg. I budsjett for 2019 og økonomiplan 2020-2022 har fylkeskommunen sett av midlar til strekninga. Behovet er langt større enn tilgjengelege midlar, men også mindre tiltak vil avhjelpa situasjonen.

Hordaland fylkeskommune har prioritert ein svært stor del av dei statlege skredsikringsmidlane til Fv 7. Sjølv om vi også har svært rasutsette vegar med mindre trafikk, har fylkestinget i Hordaland prioritert dei mest trafikkerte vegane til større rassikringsprosjekt. På Fv 7 er/blir det gjennomført rassikring, i tillegg til dei store rassikringsprosjekt Haukanesberget (Folkedalstunellen, Granvin, opna 2015) og Lussandberget (Bjørgatunellen, Granvin, opna 2016).

Statens Vegvesen si liste over skredsikringsbehov for fylkesvegar i Hordaland (pr 2015) har registrert 15 skredpunkt på Fv 7 i kategori høg og middels. Seks av desse ligg i kategori høg (to i Samnanger, to i Kvam, to i Granvin).

Dei to store rassikringsprosjekta som no er under planlegging på fylkesvegar i Hordaland er også på dei mest trafikkerte gjennomfartsårene; Fv 7 Tokagjelet og Fv 551 Krokaparsellen.

Tokagjelet

Strekninga frå Kvamskogen til Norheimsund gjennom Tokagjelet er også ein flaskehals med følgjande utfordringar:

- Strekninga er for bratt, for svingete og dei fire tunellane er for låge (tillatt høgde 4 meter) etter gjeldande vegnormalar.
- Strekingar har fleire raspunkt (høvesvis nummer 2 og 3 på Statens Vegvesen si liste over skredsikringsbehov på fylkesvegnettet i Hordaland). I september 2013 gikk det eit stort steinras i øvre del av Snauhaugtunnelen. Dette medførte at vegen vart heilt stengt i over ein måned, og det gikk eit år og tre månader før vegen igjen vart opna for fri ferdsel.

Etter dette har Hordaland fylkeskommune hatt høg prioritet på planlegging av ny vegtrase i Tokagjelet. Men planlegginga er komplisert grunna lokale ønskje om utredning av ulike trasear, finansiering mv.

Statens Vegvesen har gjennomført eit forprosjekt for strekninga. Geologane er svært tydelege i si tilråding; tunell er den einaste løysinga som inneber full rassikring. Utbetring av dagens trase eller forlenging av eksisterande tunellar vil medføre langvarige stengingar – over eitt år er antyda. Dette synest ikkje realistisk både ut frå vegen sin primærfunksjon og som omkøyingsveg. Dei tunellalternativa som er mest aktuelle er kostnadsrekna frå omlag 1 til 1,5 milliardar kroner.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å bidra til å sikre denne vegen både ved skredsikringsmidlar, dekking av meirverdiavgift og noko fylkeskommunale midlar. Storleiken på prosjektet gir store utfordringar i fullfinansiering av prosjektet. Delvis bompengefinansiering vert vurdert ut i frå at ein tunell kan løyse andre utfordringar i området, samstundes som skredsikring primært er eit statleg ansvar.

Midlar til framkome

Med framtidig utbygging av E16 mellom Voss og Bergen, reknar vi med stengingar og redusert framkome grunna anleggsarbeid. Dette kan gje store utfordringar for Fv 7.

Statens Vegvesen har på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune utarbeidd eit oversyn over mindre tiltak som kan iverksetjast på kortare sikt for å betre på utfordringane knytt til framkome og ras. Hordaland fylkeskommune meiner dette er tiltak der staten bør bidra i eit spleiselag, då dette for ein stor del er for å sikre vegen som omkøyingsveg.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har store utfordringar knytt til Fv 7, og meiner at eit spleiselag med bompengar, rassikringsmidlar, statlege midlar og bompengar vil kunne forsvarast i dette spesielle tilfellet. Delar av dette skuldast manglande framkome på E16, og det er også eit stort behov for skredsikringsmidlar. Vi ber difor om eit møte med departementet for å drøfte mogelege spleiselag for å møte desse utfordringane. Kvam herad er også spesielt opptatt av denne vegen.

På denne bakgrunn ber Hordaland fylkeskommune om møte med politisk leiing i departementet for å drøfte korleis ein kan løyse desse problemstillingane.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Bente Utne
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Oversikt frå Vegtrafikkssentralen E16 Trengereid – Voss – stenging januar 2014 til november 2018

Kopi:

Granvin herad

Kvam herad

Statens vegvesen Region vest